

Hordaland fylkeskommune
ved fylkesordfører

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2019000226-3 Saksh: Harald Jordal Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2019003501 Telefon: Q12 04.03.2019

RV 13 Oddadalen: Nasjonal transportplan (NTP) 2022 - 2033

Vedtak i Odda formannskap 28.02.2019

Odda kommune ber Statens vegvesen i komande NTP 2022-33, seinast i siste halvdel av planperioden, om å legge inn statlege oppstartmidlar og eventuell eigenfinansiering til prosjektet RV13 Oddadalen. Jfr. godkjend kommunedelplan for prosjektet.

Saka.

Odda kommunestyre gjorde 23.09.2015 vedtak i saka om kommunedelplan for ny RV13 frå E134 og ned mot Sandvinvatnet. Kommunestyret valde alternativ 2, i samsvar med Vegvesenet si tilråding. Dette alternativet koplar på bygda Skare og det opnar for å utvikle turistattraksjonen Låtefoss.

RV13 Oddadalen er vegen som knyter viktige industriklynger i Hardanger og Sunnhordland til E134 og dermed til viktige marknader sør og aust.

For godstransport mellom Bergens-området og Kongsberg/Telemark/Vestfold (industri og hamner) er ruta gjennom Oddadalen og over Haukeli den føretrekte (Jfr. godsanalyse hausten

2018). Ruta har eit stort forbettringspotensiale men er også i dag den mest rasjonelle mellom desse endepunkta.

Som ein del av rammevilkåra for nærings- og arbeidsliv i regionen, for busetjing og for tryggleik, er det nødvendig å bygge ny veg gjennom Oddadalen. Dagens veg er smal og til tider svært problematisk vinterstid, med fastkjøring og store ulemper for alle trafikantgrupper. Trafikkmengda sommarstid i Låtefoss-området har nådd ei smertegrense. Dette prosjektet vil radikalt auke tryggleik og regularitet på strekninga.

Ny veg gjennom Oddadalen kan sjåast i samanheng med gjennomførde og planlagte tiltak på

RV13 Odda-Kinsarvik og på viktige fylkesvegar i regionen:

- FV551 og FV48 mot Rosendal og Husnes
- FV107 mot Jondal og Kvam (Austrepollen-Nordrepollen)

Et levende kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
5750 ODDA	Innbetaling skatt: 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no

- FV7 Tokagjelet

I tillegg må ein sjå prosjektet i samanheng med utvikling av E134 austover. Alt i 2019 (desember) opnar nye vegstrekningar i Telemark og Buskerud som vil korta reisetida til Oslo med ein halv time. Etter planen blir det byggestart på Seljestad-Liamyrane i 2022/23, men ytterlegare forkorta reisetid.

Med vedtekne nye rammevilkår i Hordaland og kortare reisetid mellom aust og vest, vil ekspressbuss- trafikken auka si konkurransekraft. Dette er spesielt til fordel for undervegs-destinasjonar mellom Bergen og Oslo.

Venleg helsing


Roald Aga Haug
Ordfører




Harald Jordal
Kommunesekretær

Vedlegg: Kartskisse.



